

# KYRKJEBLAD

FOR  
DAVIK

Nr. 120	Kjem ut kvar månad	Oktober 1940	Utgjevar og redaktør: Prost Slaattelid Davik	11. årg.
---------	-----------------------	--------------	--	----------

## Draumkvæde i 1909 om kyrkja i Kjølsdal.

Kyrkje kjem ein gong i dalen,  
tårn skal peika høgt mot sky.  
Her vert kvild i heimehagen  
til det nye morgongry.  
Folket her hev lenge vona  
at den dagen koma må,  
då ei breide fjorden hindrar  
den som vil til kyrkje nå.

Gamle klokka då skal ljoma,  
vakna opp frå kvila lang,  
spela opp dei gamle tonar,  
so det høyrest yver vang.  
Ho er frå eldgamle dagar,  
fyre svartedaudens tid;  
mangein trøytt ho heim hev kalla  
til si kvild frå livsens strid.

Stongi oppå høge tårnet  
viser vegen som Han for,  
hovdingen, Guds son einborne,  
Han, vår frelsar, god og stor.  
I vår sjel og hug må brenna  
lengsel til den same veg.  
Kyrkjetårn, peik du mot stjerna  
som oss opp til himlen dreg!

Fjortan hundrad år attende  
syner her no fedrars grav,  
kvilestaden som deim gøynde,  
som deim fedrajordi gav.  
Vi må hava same hugen,  
leva i vår heimebygd.  
Fyrst arbeida, stød og trugen,  
og so sova her i trygd.

Peder O. Myklebostad, Kjølsdal.  
i Kyrkjebladet for sept. 1930.

## Den skjulte Gud.

Før Gud åpenbarer seg selv, er han helt skjult. Skriften kan snart si at han bor i mulmet (1. Kong. 8, 12), snart at han bor i et lys hvortil ingen kan komme (1. Tim. 6, 16). Begge deler uttrykker det samme:

at intet menneske har sett eller kan se ham. Men den enbårne sønn, som er i Faderens skjød, han har forklaret ham (Joh. 1, 18). Han kan vitne: Den som har sett meg, har sett Faderen (14, 9).

Men dette kan misforståes, og er blitt misforstått. Det finnes kristne som innbiller seg at de kjenner Gud ut og inn, og som geberder seg som om de var dusbrødre med ham ved hans himmelske rådsbord. Om dem passer virkelig apostelordet: »Om noen tykkes seg å kjenne noe, han har aldri kjent noe således som man bør kjenne det.« (1. Kor. 8, 2).

For oss er Gud fremdeles på så mange vis den skjulte Gud — det er sannheten. »Nu ser vi i et speil, i en gåte..... nu kjenner jeg stykkevis« (13, 12).

Hvor langt kjenner vi Gud? Så langt som vi trenger for å finne fram og hjem til ham. Sannheten om hans frelsende kjærlighet er sagt oss så tydelig og enkelt at ikke engang dåren skal fare vill.

Hva er da ennu skjult? Å, så meget. Først gåtene i hans guddomsvesen. »O dyp av rikdom og visdom og kunnskap hos Gud! Hvor uransakelige er hans dommer og hans veier usporlige! Ti hvem kjente Herrens sinn, eller hvem var hans rådgiver?« (Rom. 11, 33-34). Guds store »åpenbaring« skjer den dagen vi får »se ham som han er«, (1. Joh. 3, 2).

Skjult er videre hans vilje og planer med menneskene i så mange ting.

O Gud, forstanden fatter ei  
ditt forsyns skjulte nåde,  
din ubegripelige vei  
og underlige måte  
a føre dine venner på.....

Og nesten enda ufatteligere er det hvordan hans finger kan være med og styre også motstandernes føtter.

Skjult er ikke minst det som venter bak graven. Tross alt som bibelen antyder, så sier den selv at det er ennå ikke åpenbart hva vi skal bli, (1. Joh. 3, 2). Med dette, som med alt det andre vi har nevnt, kommer det nok til å gå som med de to munkene legenden forteller om. De hadde lovet hverandre at den som først døde, skulle vise seg for den annen og fortelle hvordan det var i det hinsidige. Den som døde først kom, og den gjenlevende spør: »Qualiter?« (hvorledes). Svar: »Totaliter aliter!« (helt anderledes).

All denne vår uvitenhet skal vi innrømme. Å vite at »det skjulte er for Herren vår Gud, men det åpenbarte for oss og våre barn«, (5. Mos. 29, 29), det er en del av den rette gudsfrykt.

Men mer enn det. Når det vi ser av Gud allerede nu, er så stort og godt, hvordan blir det ikke da å se ham som han er! Så kan vi bare *tilbe* den skjulte Gud.

Rektor *Smemo*.

### Kyrkjevigsla i Kjolsdal.

13. september 1940.

#### 1. Heilagdomen.

Gullstaken i Guds tempelkor  
vart frå hans Israel sendt oss.  
Ljos av hans ljøs vart kveikt her nord  
og fekk til Farshuset vendt oss.  
Norrønafolket veit idag:  
Fyrst og sist vil Guds hjartefag  
få, som sin eigedom, kjent oss.

Han, som det store myrknet dreiv  
fyrst i sitt skaparverk-velde,  
vikingars hov og avgud reiv;  
— kyrkja, vår eigi, fekk tjelde.  
Gud, som or aldrars morgonbragd:  
Heilage samfunnspakt fekk oss sagd,  
vil, ho skal evig ny gjelde!

Her me som dåpsborn fekk vårt bad,  
og som masjonsungdom la me  
handi i hans på same stad,  
— høgt eller ordlaust, då bad me.  
Rann sidan kjærleiks kroningsdag  
yver dei tvo på kne ilag!  
Jaordet, oppatter sa me!

Gullstaken i Guds heilagdom  
lyser upp meir enn me nemner.  
Kvar, som frå hjarta av snur um,  
royndom og rikdomar femner.  
Djupare inn og hogre opp!  
Og for kvar ny forklåringstopp  
fram gjennom nytt laud me stemmer!

#### 2. Før og no!

Björgvinbispens tale i Nidarosdomen, 1930.

Det liv og lukka gror i vår Frelsars fotefar!  
Det fekk me frå den fyrste stund uppleva.  
Og gjeng me etter honom i saga, grend og gard,  
me må hans verk vårt beste lovord gjeva.  
Stig inn i Haave-kyrkja.  
Fyrst stod her avgudshov.  
Her heldt dei slaveofring,  
her var det skikk og lov  
å senda folk som fe or tid til æva.

Kom inn i trælestova ein kveld for offerblot.  
Kva augnelag du ser, dei spør kvarandre:  
Kven av oss skal imorgon sin dødsdom ta imot  
og av til bål og brand og helferd vandre?  
Kom att til same staden,  
då Kvite-Krist fekk makt:  
— Kven av oss skal imorgon  
få frimanns rang og pakt  
når me til messa fylgjer med dei andre?

Det liv og lukka gror i vår Frelsars fotefar;  
og som han før av trælar frimenn gjorde,  
slik gjer han same under idag i grend, og gard.  
Kvar er so du som tek mot fridomsordet?  
I nye avgudshov set der mange livet til.  
Idag gjeld løysingsordet for dei som derfrå vil.  
Og: Du er mannen, du, som våga torer!

#### 3. Kristne heimbygdi.

I fager bygd og fredsæl grend  
der folket seg med Gud gjer kjend,  
der er vel heime-hugnad.  
No, medan me kvarandre hev,  
det beste me einannan gjev  
og samlar oss til dugnad.

Vår dugnad er det arbeidslag  
som ser Guds glade andlet-drag  
igjenom ånd og yrke.  
Då må det storarbeidet til  
som både inn- og utsyn vil  
og roynast i Guds styrke.

Der einsleg kristen fyrst tok fatt,  
me kjenner ikkje staden att:  
No stråler gull-ljos-staken.  
Der åre-eld fyrst burtgøymd brann,  
no logar varden høgt um land  
og eig sin fylking vaken.

Dei tidt bar heimatt takki glad,  
Guds vitne, som drog langt avstad,  
ja, alt til utlandstrender.  
Her tok det til fyrst heimanfrå.  
Det ekte var og trygt å sjå.  
Gud sjolv sitt verk fullender.

Og finn me »ukjend soldat«-grav,  
ny kveik den vaktmann-elden gav  
og siger-tidend herleg.  
Her sviv det kvite vengjeslag  
med Guds inngjeving ny kvar dag  
til kvar som strider ærleg.

Matias Orheim.

†  
**Våre døde.**

16. aug: Anders Børreson Skarstein, Isane; g. kår-  
mann; f. 1859 i Breim; hjarteskjukdom.  
20. aug.: Alida Rasmusdtr. Almenning; kårnkje;  
f. 1847 i Hessevik; alderdom.  
1. sept.: Andreas Olsson Tømmerstøl; g. kårmann;  
f. 1852; alderdom.

**Lad din Aand ei fra os vige  
til vi ser dig i dit Rige.**

**Notisar.**

**Kapellet i Kjolsdal** vart innvigt fredag 13. sep-  
tember. Det var bra ver, og ikr. 500 menneskje var  
tilstades. Biskopen preika over Heb. 2, 13—14. Dei  
tilreisande assisterande prestar var sokneprestane  
Kvale, Løvøll og Eide og så prosthjelpereprest  
Holme. — Etter gudstenesta gav formannen i  
kyrkjenemnda, L. P. Lefdal, ei utgreiing om ar-  
beidet. Etterpå gav krinsane i kapelldistriktet mid-  
dag i skulehuset for biskopen og prestane og andre  
innbedne: formannskapet, soknestyret, soknerådet  
og andre.

Det var ein stor høgtidsdag og mykje truge strev  
ligg bakom den. Mange er dei som her har vore  
med og gjort det mogeleg å reisa dette nye kyrkje-  
huset. Fyrst og fremst alle dei i dei 4 krinsane,  
menn og kvinner, som har gjeve sine gaver i desse  
12 åra og hjelpt til med friviljigt arbeid. Så er  
det kyrkjenemnda for Kjolsdal: Matias B. Eikas,  
Knut Horn, Berge Humborstad og Kristen Leite  
(seinare i hans stad Sivert Bugjerde), dei som tok  
det avgjerande stiget i 1928, sette arbeidet i gang  
og heldt det gåande til dess sokna kunne ta seg  
av saka. Vidare dei som i dei andre 3 krinsane  
har fått i stand samkomer til inntekt for kapellet.  
Framleies soknestyret som heile tida har lagt god-  
viljen til og gjort alt som gjerast kunne. Dernest  
dei 2 ordførarane i desse åra, Lefdal og Førde,  
som baa har gjort eit avgjerande arbeid for å for-  
saka fram. Prost Nybø gjorde mykje til at ein  
fekk løyve til å byggja, stortingsmann Jakob Lothe  
er det vel å takka at ein fekk tilskot frå staten,  
fylkesmann Seip har alltid hjelpt til når det galdt  
godkjenning av soknestyrevedtak m. v. Og så  
byggjenemnda, med sin formann i brodden, som  
har gjort eit framifrå arbeid, ikkje minst derved  
at den dreiv på og ikkje let arbeidet stogga, endå  
om det sag vanskeleg ut med å fa nok pengar. —  
I det heile: Det har la g a seg sa merkeleg med  
dette arbeidet gong etter gong, endå det kunne  
sjå vanskeleg og kritisk ut. Deri ser vi Guds  
hjelp og styring.

Dysken og kalken m. v. er gjevne av frk. Agnes  
Eide til minne om prost Eide og frue. — Ljose-  
stakene er gæve fra Haus og Levdal krinsar. —  
Ein bibel fra Davik underavdeling av Bibel-  
selskapet, altarduken frå kvinner i Kjolsdal. —  
Lærar Foleide fekk tak i orgel til kyrkja, eit har-  
monium som ein førebils fekk lana fra Vestres or-  
gelfabrikk. Enno er det jo ynase ting som star

att: Ny kyrkjeklokke, altartavle, ljosekruner, golv-  
teppe, orgel. Men fyrst og fremst trengst det elek-  
trisk ljøs, så det om vinteren kan verta høve til  
å ha kveldsgudstenester i kyrkja attåt dei 7 faste  
sundagspreiker som er lagde til kapellet. Alt dette  
vil nok koma etterkvart i si tid.

Eit stort lyft er teke. Den draumen er gatt i opp-  
fylling som gamle Per Utigard skreiv om for over  
30 år sidan. Men så gjeld det fyrst og fremst om  
at den nye kyrkja ikkje vert eit hus til stas, men  
eit hus til bruk. Ho står kvit og synberr på den  
vakre plassen sin, ei pryd og ære for bygda. Men  
ho må ikkje vera eit hus til bygda si æra berre,  
men til Guds ære. Det vert ho når folk samlar  
seg flittig og mannjamnt til gudsteneste. Det er  
no den store oppgåva for alle på nordsida, som  
tenkjer alvorleg og som ynskjer at kristendom og  
kyrkje skal haldast oppe og at Guds ord skal fa  
gjera si gjerning.

**»Dette er dagen som Herren har gjort,  
lat oss fegnast og gleda oss no. Å Herre,  
hjelp då! Å Herre, lat det lukkast!«**

(Salme 118, 24—25).

**Døypte:** 1. sept. Johanne Asbjørg, f. 6.  
juni av f. Fritjof Jakobsen, Davik, og k. Alice An-  
dreasdtr. (f. Vedvik). — 22. sept. Magnus Jarl,  
f. 11. aug. av f. Erling Martinusson Leirgulen og k.  
Andrea Johannesdtr. (f. Sunde). — S. d. Sverre,  
f. 19. aug. av f. Sivert Rasmusson Torheim og k.  
Karoline Kristofersdtr.

**Ektevigde:** 5. sept. i Rugsund Reinart Jakobsson  
Nyheim (Berle), og Norunn Hånsdtr. Sundal, Van-  
ylven. — 25. sept. i Kjolsdal Anders Rasmusson  
Rörvik og Magnhild Gustavsdr. Ervik.

**Konfirmerte.** 1. sept i Davik: Lars Andreasson  
Årset, Ludvik Henriksson Daviknes, Artur Marti-  
nusson Høilund, Sverre Matiasson Rye, Elinor  
Hånsdtr. Dombestein, Ingrid Berntsdtr. Indredavik,  
Ragnhild Johansdtr. Frimannslund, Asbjørg Sam-  
sonsdr. Etterdal, Petra Guttormsdr. Endal. —  
22. sept. i Rugsund: Alfred Haug, Mons Steffens-  
son Lofnes, Bjarne Kristoffersson Midtbø, Bjarne  
Alfredsson Hangtand, Kristen Samsonsson Strøm-  
men, Henrik Kolsetvik, Ulrik Joseffson Elde, Peter  
Jonasson Falkevik, Leiv Torgersson Lykkebø, Einar  
Robertsson Nygård, Sigmund Karlsson Humskar,  
Hilmar Hansson Risøy, Margit Kristensdr. Bortne,  
Solveig Jonasdr. Lofnes, Hjordis Olsdr. Lofnes,  
Karen Andreasdr. Lofnes, Johanna Johansdr. Fløtre,  
Alvhild Pedersdr. Olsbø, Hildur Haraldsdr. Skar,  
Herborg Johansdr. Kvamme, Inger Olsdr. Ven-  
melsvik. — 29. sept. i Alfot: Olav Martinsson  
Sigdestad, Hans Larsson Torheim, Einar Emils-  
son Myklebust, Torleiv Olsson Torheim, Kolbjørn  
Olufsson Englestad, Kristian Johansson Torheim,  
Oddlaug Sigurdsdr. Isane, Olga Hånsdtr. Bruvøll,  
Gjertrud Olsdr. Torheim, Anni Jonasdr. Mykle-  
bust, Kirsten Monsdr. Sigdestad.

**Prostihjelpereprest A. Hoime** arbeidde i Davik fra  
3. sept. til 6. oktober.

**Basar** i Hennoy 26. mars til sjømannsuisjonen  
70 kr.

**For 100 år sidan.** Døde: 2. okt. 1840 Marthe Erichsdtr. Mørkesæter, Klubben, 63 år. »Slog sig ihjel ved et Fald ude i Marken.« — 14. okt. Peder Olsen Lofnæs, gårdmann, 46 år. — 27. okt. Anne Erichsdtr. Sundal, kårkone, 83 år.

**Omkomne på sjøen.** 23. mai 1891, Peder Jakobs-son Tytingvåg, f. 1866. »Kuldseiling«. — 3. okt. 1891, g. gbr., skomakar Rasmus Rasmusson Hom- borstad, f. 1858; »omkom paa reise fra Thorem«. S. d. ug. Petrine Matiasdtr. Eikås, f. 1864. — 17. febr. 1892 g. husmann Ole Rasmusson Haus, f. 1826; »kuldseiling ved Elde«. — 29. nov. 1892 gbr. Peder Johnsson Førde, f. 1832, »omkom ved ulyk-kestilfælde paa Sjøen«. — 3. mars 1893: Ug. fiskar Martinus Pedersson Svoren, f. 1858; g. gbr. Nils Andersson Svoren, f. 1845; ug. Mikal Borgersson Bjørnøen, f. 1867; ug. Andreas Jetmundsson Hengø, f. 1873; g. gbr. Erik Torbjørnsson Bjørnø, f. 1844; ug. Nils Andersson Grov, f. 1867. »Omkom under vinterfisket.« — 22. nov. 1893: g. gbr. Peder Knutts-son Lillehaug, f. 1837, og Seriane Pedersdtr. Lille- haug, f. 1873. — 29. mai 1895: g. gbr. Ole Augu- stinusson Strømmen, f. 1836; g. gbr. Abraham Olsen Strømmen, f. 1867; ug. fisker Karolus Olsen Strømmen, f. 1869; ug. fisker Andreas Olsen Strøm- men, f. 1875; g. plassmann Peder Pedersen Olsbø, f. 1857 i Hornindal. »Druknet paa Bremangerha- vet.« — 15. april 1895: Kårenkemann Rejel Kristensen Midthjelle, f. 1818. »Roede op paa en Sten.«

#### Gudstenester:

23. sund. etter treein.,	27. okt.:	Rugsund.
Bededag,	1. nov.:	Alfot.
Helgamesse sund.,	3. nov.:	Totland.
25. sund. etter treein.,	10. nov.:	Davik.
26. sund. etter treein.,	17. nov.:	Rugsund.
27. sund. etter treein.,	24. nov.:	Kjølsdal.
1. sund. i advent,	1. des.:	Davik.

**Kvittering for kontingent:** Ane Ekerheim, Ane Bøen, Andreas Haus, Anders Bortneskær, Marta Elde, Serianne O. Ervik, Olga Liland, Anders Bjørkelo, Helene Askeland 2 kr. — Kristianne Blomvoll, Kristian Midthjell, Kristofer P. Huse- våg, Josef Elde, Peder P. Midtbø, Synneve Klub- ben (Hennøy) 2.50. — Torger Lykkebo, Rasmus Ervik 5. — Ragna Myklebust 3. — Tils. kr. 46.00.  
Hjarteleg takk til alle.

#### Ein roman frå kvardagslivet.

(Framh.)

Han vart lugteken i denne bondegjenta frå Nordfjord. Det ende med at han kjøpte henne fri frå tukthusstraffi og trulova seg med henne, og 7. nov. 1755 vart dei ekte- vigde i Davik-kyrkja.

Sjølvsagt vekte dette giftarmålet undring og atgaum bade her i Nordfjord og truleg endå meir i Trondheim. Presten Krog som ektevigde dei gjev uttrykk for undringi i den

innførsla han sette inn i kyrkjeboki i høve av giftarmålet. Han skriv: Ved dette fæster- mål er dette for et rart og synderligt vesti- gium providenciæ (livsveg tilskikka av for- synet) at observere, at han er borger og mæsterhattermager i Trundhiems bye, har et godt skudsmaal, gode attester fra adskillige præster, taler og raisonerer godt, opfører sig honet og fornuftig, (er) i klædedragt efter fornemme folks vis anstendig. Hun derimod (er) en fattig bondedatter her fra Davigs kald, født paa gaarden Isene, er besovet av en nær forsvunden (slektning), for samme misgjernings skyld dømt til tukthuset i Trundhiem, hvor han som daværende til- synsmand derover først saa hende, fattede inklimasjon (kjærleik) for hende, løste hende med penger derfra (tukthuset), holdt ved — mot alle hans venners raad — at elske og tilskrive hende, indtil han nu til alles for- undring virkelig lot sig trolove og derpaa ægtevie til hende. End er inklimasjonen deres forunderlig, at intet (hos hende) for men- neskeligt øie kunde indtage; thi hun er intet mindre end smuk.«

Ja, soleis var denne romansoga. Endå so stor undring ho vekte både hjå præsten i Davik og folk i Trondheim, er det likt til at saga no er heilt gløymd på fødestaden åt Lis- bet og hjå ætti hennar. — Noko segn um denne hendingi hev eg ikkje kome yver.  
(Etterprent forbode). *Jacob Aaland.*

#### Hevnen hører Herren til.

(Rom. 12. 19.)

Overlat til Gud, hvad der hører Gud til. Du vil hevne deg selv. Du handler tåpelig. Hevnen er en domshandling. Hvorledes kan du være dommer over deg selv? Gud har tilbudt seg å ta den møyen på seg. Eller for- står du kunsten bedre enn Gud? Grip ikke inn i Guds rettigheter og sett deg ikke på hans trone. Det fører ikke til noe. Overlat til Gud, hva der hører ham til. Ak — hvor- for haster du så etter hevn? Har din neste krenket deg? Hvor ofte har du krenket Gud? Nar Gud straks hadde villet vende seg til hevn, hadde du da ikke for lengst måttet brenne i helvedes ild? »Med det samme mål, som I måler med, skal eder måles igjen.« Gud betaler deg med din egen mynt. Hevner du deg på nesten, så hevner Gud seg på deg.

*Dr. Heinrich Müller.*